

Saksframlegg

Saksbehandlar: Arvid Stenehjøm, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 14/3716-4

Framlegg til nytt medlem i det regionale brukarutvalet i Helse Vest for perioden 2015-2017

Sekretæren rår fylkesrådet for eldre til å gje slik tilråding:

Fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane fremjar følgjande framlegg til nytt medlem og varamedlem:

Medlem:
Varamedlem:

Vedlegg:
Brev frå Helse Vest ref.nr. 2014/720-4118/2014 datert 30.7. 2014

Andre dokument som ikkje ligg ved:
ingen

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Fylkesrådet for eldre får her høve til å fremje forslag på nytt medlem og varamedlem til det regionale brukarutvalet i Helse Vest.

2. Bakgrunn for saka

Det regionale brukarutvalet blei etablert av styret i Helse Vest RHF i 2002, sak 051/02. Medlemmer av det regionale brukarutvalet blir utpeikte for to år om gongen. Noverande medlemmer blei oppnemnde sommaren 2012. Styret i Helse Vest skal oppnemne nytt brukarutval for perioden januar 2015 til januar 2017 i desember 2014.

Funksjonshemmedes fellesorganisasjon (FFO) og Samarbeidsforumet for funksjonshemmedes organisasjoner (SAFO) føreslår høvesvis 6 og 1 medlemmer kvar. Fylkeseldreråda føreslår 1 medlem, organisasjonane frå rusområdet føreslår 1 medlem og Kreftforeningen føreslår 1 medlem. Det skal også fremjast forslag om varamedlem.

3. Retningslinjer

Brevet frå Helse Vest er stila til fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane og rådet har med det fått høve til å fremje forslag på medlem og varamedlem.

I dei nye retningslinjene for brukarmedverknad på systemnivå i Helse Vest, styresak 043/14, står det at følgjande kriterier skal gjelde for samansetting av det regionale brukarutvalet:

- Brukarrepresentantane skal sjølv ha erfaring som pasient – og/eller pårørande, og bør som hovudregel ikkje vere medlem av andre brukarutval i Helse Vest.
- Det er ein føresetnad at brukarrepresentantane har/tek på seg å vere kvalifiserte til å delta og bidra til forbetring gjennom planmessig kompetanseutvikling og systematisering av egne og andre sine erfaringar.
- Alle verksemdsområda, somatikk, psykiatri og TBS (tverrfagleg spesialisert rusbehandling) skal vere representerte i det regionale brukarutvalet.
- Det vil og bli lagt vekt på at mindre synlege pasientgrupper, og pasientgrupper som i mindre grad er i stand til å ta vare på egne interesser, er representert. Dette er til dømes etniske minoritetar og barn og unge.
- Medlemmane skal vere geografisk jamt fordelte i regionen, det skal vere tilnærma lik fordeling mellom kvinner og menn, og det skal vere ei rimeleg alderssamansetting.

4. Konklusjon

Fylkesrådet sitt framlegg på medlem og varamedlem skal ha eiga brukarerfaring og kompetanse innan brukarmedverknad, og skal representere brukarar frå Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Frist for å sende inn forslag er 1. oktober 2014.